

Dag Gjertsen kommenterer studentprisane i styrkerommet på uskedalen.no. Styret i Aktivitetshuset ser at Gjertsen har fleire gode poeng og vil frå og med idag innføre studentpris i rommet. Prisen for studentar vert kr. 450 pr. år. Dette gjeld for studentar som bur borte og trenar i feriar eller einskilde helgar. Vi takkar Gjertsen for innspelet og vonar at dette gjer at uskedalsstudentane møter veltrente og opplagde til nytt semester,

Når det elles gjeld drift av styrkeommet er det viktig for styret å presisere at vi reknar dette for å vere ein 'sideaktivitet' i den samla drifta av hallen, og at det må vera samsvar mellom midlane vi bukar på styrkerommet og dei samla inntektene vi får frå sal av treningskort,

I 2013 selde vi under 10 treningskort,,og vi tek dermed inn midlar til å dekke vask av rommet i tillegg til mindre oppgraderingar.

Samstundes indikerar loggen frå døra at bruken av styrkerommet er noko høgare enn innbetalingane skulle tilseie og dette var bakgrunnen for at styret valde å forenkle systemet med treningskort.

Målet vårt er no å auke inntektene frå styrkerommet slik at vi kan investere i nytt utstyr og reparere det som er defekt.

Allereie kommande helg skal fleire eldsjelar måla rommet i friske fargar og gå over alt av utstyr og vi har trua på at styrkerommet om kort tid vil framstå som nytt og innbydande.

Styret